



MØTEBOK

Stadfesting av kommunedelplan for vassforsyning

Utval sak	Utval	Møtedato
50/20	Utval for plan og miljø	08.09.2020
57/20	Kommunestyret	30.09.2020

Vedlegg

- 1 Kommunedelplan for vassforsyning 2020-2030 Fitjar kommune.pdf
- 2 KDP Vassforsyning vedlegg A.pdf
- 3 KDP Vassforsyning vedlegg B.pdf

Bakgrunn:

Fitjar kommune har revidert kommunedelplan for vassforsyning og kommunedelplan for avløp og vassmiljø. Utval for plan og miljø skal i denne saka ta stilling om planen for vassforsyning kan godkjennast, og saka skal deretter til endeleg handsaming i kommunestyret.

Oppstart av planarbeid for kommunedelplan vassforsyning, avløp og vassmiljø vart vedteke av Utval for plan og miljø i Fitjar den 01.02.2018. Planprogrammet vart etter høyringsrunde vedteke den 02.04.2019.

Det er utarbeida to plandokument for dei to sektorane vassforsyning og avløp, men i ein felles planprosess. Kommunedelplanane var på høyring frå 04.05.2020-15.06.2020.

Vurdering:

Hovudplan for vassforsyning 1995-2010 og hovudplan for avløp 1997-2010 for Fitjar kommune er rullert. Det er laga to nye kommunedelplanar, ein plan for vassforsyning og ein plan for avløp og vassmiljø. Begge planane har tidshorisont 2020-2030. Planane er arbeida fram ved ei administrativ arbeidsgruppe i kommunen, og ein politisk representant har deltatt noko som var i tråd med tidl. kommunelov. Arbeidsgruppa består av følgjande representantar:

- Randi Habbestad, Teknisk sjef
- Olaug Haugen, Rådmann
- Bård Inge Sørfonn, Utval for plan og miljø
- Tore Nesbø, Brann- og driftssjef
- Nils-Inge Rimbereid, Utestasjonen
- Karl-Magne Engesund, Utestasjonen
- Kari Bjørndal, Stord-Fitjar Landbruks- og Miljøkontor
- Øystein Sørli, Plan og utvikling
- Solveig Alsaker, Plan og utvikling

Norconsult har vart plankonsulent for arbeidet og har gitt Fitjar kommune fagleg og administrativ bistand undervegs i prosessen.

Hovudmålet med kommunedelplan for vassforsyning er å sikra at alle abonnentane i Fitjar kommune til ei kvar tid skal ha tilgang til nok vatn med godkjent drikkevasskvalitet.

Hovudmålet med kommunedelplan for avløp og vassmiljø er at avløpsvatn skal handterast på ein slik måte at vassmiljøet i resipientane ikkje vert forringa.

Kommunedelplanane er overordna planar som angir korleis Fitjar kommune skal sikre ein berekraftig infrastruktur for vassforsyning og avløp som er tilpassa den forventa utviklinga i kommunen, og som oppfyller krav i lover og forskrifter. Planen er Fitjar kommune sin styringsreiskap for tiltak som skal gjennomførast innan VA området i planperioden fram til 2030. Konkrete prioriteringar vert gjort årleg i økonomiplanen. I planen er det sett opp konkrete prioriteringar, eit estimat for investeringskostnaden og eit estimat for auken i kommunale avgifter som følgje av investeringane.

Høyringsprosessen:

Det er komen inn sju innspel til kommunedelplanen for vassforsyning, etter at den har vore på offentleg ettersyn. Desse er gjengjeven i KDP Vassforsyning vedlegg B, saman med kommentar til korleis innspela er teken omsyn til i planarbeidet.

Fleire av høyringsinnspela er tatt til følgje, og vi vil særleg peike på kommunal infrastruktur til Sandvikvåg særleg med tanke på næringspotensiale i området, og betre infrastruktur i Dåfjorden for å kunne realisere eit bytt bustadsområde der. Men ein del store investeringar er ikkje prioritert.

Dette gjeld kommunal vassforsyning til Osterneset. Dette er vert vurdert som for kostnadskrevjande, og vil auka dei kommunale gebyra for mykje.

Vatn- og avløp er sjølvkostområde. Det betyr at det er abonnentane for anlegga som betalar kostnadane for investeringar ved auke i kommunale avgifter.

Fitjar kommune har hatt av dei lågaste kommunale avgiftene i Hordland, og dette har vore ei politisk prioritering.

Vi ser at det framover er naudsynt å prioritere infrastruktur i vatn- og avløp høgare både pga av utbyggingsmønster, innbyggjararbehov og klimaendringar. Det er også naudsynt ut frå både arbeidskapasitet og beredskap å styrka bemanninga innan VA. Bemanninga er preika på som raudt i ROS analysen.

Framlegg til vedtak:

Utval for plan og miljø rår Fitjar kommunestyre til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre vedtek i samsvar med §§ 11-14 i plan- og bygningslova at *Kommunedelplan for vassforsyning 2020-2030* blir godkjent slik den ligg føre.

Behandling i Utval for plan og miljø - 08.09.2020:

Rådmannen orienterte om saka i møtet.

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Fitjar kommunestyre vedtek i samsvar med §§ 11-14 i plan- og bygningslova at *Kommunedelplan for vassforsyning 2020-2030* blir godkjent slik den ligg føre.

Behandling i Kommunestyret - 30.09.2020:

Representanten Jo Kjetil Strand (H) la føre følgjande forslag om utsetjing:

Ber om at det vert jobba fram løysingar som ikkje bidrar til så dramatiske aukingar i gebyret. Forslaget fekk 3 røyster (H), og fall.

Kommunestyret drøfta saka.

Vedtak: (14 røyster mot 3 røyster (H))

Fitjar kommunestyre vedtek i samsvar med §§ 11-14 i plan- og bygningslova at *Kommunedelplan for vassforsyning 2020-2030* blir godkjent slik den ligg føre.

Olaug Haugen
Rådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.